

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe Saksbehandlar

2008/773-17 Tormod Fossheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/58	Formannskapet	03.06.2010

Klima- og energiplan 2008-2012 - prosjektorganisering og prosess

Innstilling frå rådmannen:

- Kvinnherad formannskap godkjenner prosjektorganisering, mandat, budsjett og finansiering slik det framgår av saksutgreiinga.
- Som ny medlem av prosjektgruppa vert vald.....
- Formannskapet godkjenner at det vert innhenta pris frå dei prekvalifiserte konsulentane, og at rådmannen vel konsulent ut frå tilbudspris og samsvar med kravspesifikasjon.
- Rådmannen sender søknad om tilskott til ENOVA

Behandling i Formannskapet den 03.06.2010

FRAMSETTE FORSLAG FRÅ:

Marit E. Totland (Krf):

Budsjett: Innanfor ei ramme på kr. 250.000,-.

Elisabeth E. Tharaldsen (Frp):

Medlem av prosjektgruppa: Bjarne Berge (TS).

RØYSTING:

- Pkt. 1: Totland sitt forslag samrøystes vedteke
- Pkt. 2-4 m/Tharaldsen sitt forslag: samrøystes vedteke

Vedtak frå Formannskapet den 03.06.2010

- *Kvinnherad formannskap godkjenner prosjektorganisering, mandat og finansiering slik det framgår av saksutgreiinga. Budsjett: Innanfor ei ramme på kr. 250.000,-.*
- *Som ny medlem av prosjektgruppa vert vald: Bjarne Berge (TS).*
- *Formannskapet godkjenner at det vert innhenta pris frå dei prekvalifiserte konsulentane, og at rådmannen vel konsulent ut frå tilbudspris og samsvar med kravspesifikasjon.*
- *Rådmannen sender søknad om tilskott til ENOVA*

Saksutgreiing:

Kvinnherad formannskap vedtok i møte 04.03.2010 rammer for oppstart og prosess for Klima- og energiplan for Kvinnherad kommune med følgjande vedtak:

1. *Formannskapet sluttar seg til den styrings- og organisasjonsstruktur som saksutgreiinga legg opp til og den vektlegginga på prosess, internt eigarskap og folkeopplysning som skal sikre at arbeidet fram mot ei dagsaktuell Klima og Energiplan vert ein suksess for den kollektive fornuft og for dei tiltak som heile Kvinnherad-samfunnet skal følgja opp av fram mot 2020.*
2. *Til å vera med i det vidare arbeidet med planen vert valt: Hege Læg Reid Røssland (SV) og Marit Elisebet Totland (Krf).*

Vedtaket inneber også at Kvinnherad formannskap er styringsgruppe for prosjektet.

Rådmannen tilrår no følgjande organisering og mandat:

Prosjekteigar: Kvinnherad kommunestyre

Styringsgruppe: Kvinnherad formannskap

Prosjektansvarleg: Tormod Fossheim

Prosjektleder: Arne Gjellan

Prosjektgruppe:

- Hege Røssland, Marit Totland (politisk valde)
- Arne Gjellan, prosjektleder (verksemd for samfunnsutvikling)
- 1 representant Tekniske tenester
- 1 representant Kvinnherad energi/Fjelberg kraftlag
- 1 representant frå SIM
- Konsulent

Marit Totland har bede seg friteken frå prosjektarbeidet, så formannskapet må velgja ny representant.

Referansegruppe:

- Dei ymse fagsektorar i kommunen
- Naturvernforbundet
- Ungdommens kommunestyre
- Kvinnherad næringservice
- Bondeorganisasjonane
- SØRAL
- ?

Det kan verta aktuelt å utvida referansegruppa

Mandat.

Prosjektet skal med utgangspunkt i Statlege planretningsliner for klima og energiplanlegging i kommunene utarbeida ein klima- og energiplan for Kvinnherad kommune.

Planen skal gjera greie for status, mål og tiltak i perioden 2011 – 2020 innanfor følgjande tema:

- *Klimagassutslepp*
- *Energibruk*
- *Energiforsyning*
- *Haldningsskapande verksemd*

Planen skal ha status som kommuneplan og sikra bærekraftig ressursbruk og utvikling i alle saker vedkomande klima, energi og miljø. Planen skal også setja kommunen sine prioriteringar i samanheng med overordna nasjonale mål og vera førande for planlegging og saksbehandling i kommunen.

Ut over den lovpålagde medverknaden etter plan og bygningslova, skal prosjektet leggja til rettes for engasjement frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar både i innspelsfasen og fasen for utlegging til offentleg ettersyn.

Elles vert det vist til saka om oppstart etter plan- og bygningslova.

Konsulent

Det vert innhenta tilbod på konsulentarbeid frå 3 prekvalifiserte konsulentfirma:

Norconsult A/S

EC group A/S

Asplan Viak A/S

Det vert tilrådd at rådmannen får velgja konsulent vekta ut frå pris og produkt.

Budsjett

Konsulent	300.000
Trykking, kopiering med mer	<u>50.000</u>
	<u>350.000</u>

Finansieringsplan:

Investeringsbudsjettet 2010	250.000
Tilskot frå ENOVA	<u>100.000</u>
Sum	<u>350.000</u>

Milepælar i prosjektet:

3. juni 2010: Oppstart Kvinnherad formannskap. Prosjektet forventar innspel om mål og tiltak innanfor dei 4 temaområda.

7.okt. 2010: Styringsgruppa vedtek mål.

4. nov. 2010: Styringsgruppa vedtek prioriterte tiltak.

Febr. 2011: Formannskapet vedtek utlegging til offentleg ettersyn

Våren 2011: Formannskapet og kommunestyret godkjenner planen.

Det kan verta endringar i framdrifta.

Uttale frå Eldrerådet:

Er høyringsinstans til planen

Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:

Er høyringsinstans for planen

Økonomisk konsekvens:

Prosjektet skal gjennomførast innanfor budsjetterte rammer.

Miljømessig konsekvens:

Positiv.